



## // NOTAT

Til: Rådmannen //  
Fra: Arngunna Haga //  
Dato: 17.11.15

### **Busetting av flyktingar**

Saka om å auke talet på flyktingar for åra 2015-2019 vart handsama i formannskapet den 04.11.15 sak 130/2015. Formannskapet etterlyste fleire opplysningar i saka før saka vert handsama i kommunestyret.

Meland kommune har i perioden 2009 og fram til november 2015 busett 94 flyktingar. Det er i tillegg busett 4 under familiegjennforening i perioden. Utover dette er NAV Meland kjent med at det er søkt familiegjennforening for 7 personar. Om desse 7 vil få opphold eller eventuelt når, er usikkert. Vi har likevel grunn til å tru at to av dei kan kome før nyttår.

Generelt kan vi seie at for kvar av dei som får bli i Noreg etter asylsøknad, kjem det i etterkant i gjennomsnitt 0,6 familiegjenforente. (kjelde UDI 2012) Vi kan på bakgrunn av dette seie at det fram til no ikkje har vore mange som har blitt busett i Meland kommune under denne ordninga.

Meland kommune kan velje å inkludera «familiegjennforente» i talet på flyktingar. Det er ikkje ynskjeleg frå statlege myndigheter å inkludere familegjennforente i det talet kommunane rapporterer inn at dei skal ta i mot, då talet som skal busetjast i kommunane vert noko usikkert og mindre fortutsigbart

Meland kommune har valt å setje introduksjonstilskotet på eige busjettområde. Bakgrunnen for dette er at ein skal kunne dekke utgifter knytt til flyktingar på dei ulike tensteområda i dag og vera ein buffer for uforusette utgifter til «flyktingegruppa» på sikt. Fondet er per 31.12.14 på kr 3,37 millioner. I dette fondet ligg det og ei forskyning av inntekter og utgifter. Det vil seie at når ein busett ein flykting får ein heile tilskotet det året flyktingen vert busett om busettinga skjer i januar eller desember. Utgiftene kan såleis følgje året etter. Oppdaterte tal for 2015 vert gjeve i samband med framlegg av årsrekneskap.

Kommunane vert på nytt oppmoda om å busetje fleire flyktingar samt auke busettingstakten. Det hastar med å finne løysingar. Brev frå Statsministeren og KS er lagt ved som referatsak.

Til informasjon vert det per tid arbeida med å etablere eit regionalt samarbeid om flyktingar. Det er plan om å iverksette formell samhandling om tema før nyttår.

---

### **NAV MELAND // ARBEIDS OG VELFERDSETATEN**

Postadresse: Postboks 44 // 5906 FREKHAUG

Besøksadresse: Rådhuset // FREKHAUG  
Tel: 55 55 33 33 // Faks: 53 04 51 11

[www.nav.no](http://www.nav.no) // [nav.kontaktsenter@nav.no](mailto:nav.kontaktsenter@nav.no)

